

Å velja metode når det gjeld undervisning, er ikkje alltid enkelt. Vi veit at det slett ikkje alltid er førelesningsvarianten som gjev best resultat når det gjeld formidling av viktige verdiar og kunnskapar.

Ulike undersøkingar har dei siste åra vist at det er viktig å driva god kosthaldsundervisning. Ved Rosendal ungdomsskule gjorde dei før inneverande skuleår ei omlegging som var viktig i så måte.

Tidlegare år har skulen hatt tilbod til elevane slik at dei kunne kjøpa varer frå eit stort utval i matpausen. I tillegg til mjølk og ulike yoghurtvariantar har dei kunna kjøpa både milk-shake, ulike typar juice og til tider også nokre smakfulle og freistande dessert-produkt.

Før inneverande skuleår vart dette tilbodet kraftig redusert. Av dette vert det no kun selt mjølk. For at elevane skal få stetta tørstebehovet, har dei fått installert fontene med drikkevatt. Frå denne kan elevane henta friskt og nedkjølt vatn. Denne omlegginga har ikkje nokon samanheng med dei stadige kokevarsla av Rosendalsvatnet som har vore denne hausten.

Arve Lunestad, inspektør ved Rosendal ungdomsskule, understrekar at elevane ikkje får utdelt plastbeger. Dei må ha med eigne drikkeflasker heimanfrå. Dette er gjort slik for at dei skal unngå søl og boss.

For at elevar som ønskjer det, og eventuelt gløymer nistematen, også skal ha høve til å få seg fast føde, har dei ei kantineordning. Ikkje kantine med sitjeplassar. Romtilhøva gjev slett ikkje plass til det, men 3 – 4 dagar i veka sel dei påsmurte rundstykke med sunt og godt pålegg, av og til vankar det pizza og annan god heimebakst. Det er elevar på 10. trinnet som har praktisk prosjektarbeid, som driv denne kantina som ei elevverksemd.

I tillegg til det som alt er nemnt, får elevane tilbod om frukt. Dei elevane som melder seg på fruktordninga, får utlevert ei frukt kvar dag.

Dette er utvilsamt eit godt tiltak. Her er det lagt opp til at inntaket av store sukkermengder, feitt og lumske e-stoff skal verta kraftig redusert. Det vert ofte snakka om kor viktig eit sunnare kosthald er. Her har Rosendal ungdomsskule gjort noko med det. Dermed gjev dei tydelege og viktige signal til ungdommane.

Av Thor Inge Døssland